



Retningslinjer hoppid.no - økonomisk ramme til avklaring av Forretningsidear

1. Generelt om virkemiddelet

Formål:

Formålet med hoppid.no-ramma er å få gjennomført mindre, men avgjerande aktivitetar for å gi etableraren eit betre vurderingsgrunnlag for vidare satsing.

Økonomisk ramme:

Midlar til hoppid.no ramma kan kvart år avsetjast frå dei midlane fylkeskommunen får løyvd til regional utvikling (Statsbudsjettet kap 551 post 60). Samla beløp vert fastsett i Handlingsprogram for verdiskaping i Møre og Romsdal.

Ramma blir fordelt til kommunane etter følgjande kriterium:

1. Eit grunnbeløp til kvar kommune på kr 50.000,-
2. Restbeløp fordelt etter tal innbyggjarar i kommunane.

hoppid.no-ramma blir overført til den kommunen har gitt rolle som hoppid.nokontor.

Utbetaling krev at rapportering for føregåande år er motteken og godkjend. Ubrukt ramme kan overførast til neste år. Dersom ein kommune over tid akkumulerer tildelte midlar, eller nyttar midlane i strid med retningslinjer for bruk, vil tildelinga bli redusert.

Vedtaksmynde i kommunen:

Vedtaksmynde er gitt det sertifiserte hoppid.no-kontoret, som har ansvar for kommunen sin førstelineteneste for etablerarar.

Rapportering:

Rapportering per 01.02 kvart år skal sendast regional- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommunen innan 01. februar påfølgande år. Rapporten skal innehalde opplysningar om forbruk, mottakar av tilskot og resultat.

2. Enkeltvedtak – tildeling av midlar**Målgruppe**

Etablerarar med forretningsidear i ein tidleg fase. Tilskotet skal nyttast til aktivitetar som kan avklare problemstillingar kring organisering, marknadspotensiale, lønsemd og andre spørsmål som kan avgjere vidare framdrift for bedriftsetableringa.

Tilskotsgrunnlag:

Grunnlag for vedtak om tilskot er framlagt budsjett som viser betalbare utgifter til aktivitetar innanfor formålet for ordninga.

Beløp:

Det kan gjevast inntil kr. 30.000,- i tilskot per forretningside.

Rapportering frå tilskotsmottakar:

Tilskotsmottakar skal dokumentere utgifter i høve til budsjett som var grunnlag for tilskotet, og skildre resultat av tiltaket.

Utbetaling:

Tilskotet kan utbetalast i forkant av gjennomføring av tiltaket. Den som har vedtaksmynde avgjer utbetalingstidspunktet.